



# **REGLEMENT FOR FOLKEVALDE SIN INNSYNSRETT**

## **I ULVIK HERAD**

# **1. Heradstyret og andre folkevalde organ sin rett til innsyn i saksdokument**

## **1.0**

*For å sikra eit levande lokaldemokrati og engasjement hjå innbyggjarane, vil Ulvik herad praktisera størst mogeleg grad av innsyn for dei fokevalde.*

*Ulvik herad sitt regelverk for dei folkevalde sin innsynsrett, skal ikkje vera avgrensande i høve det nasjonale regelverket.*

## **1.1**

Heradsstyret har, som overordna organ for heile den kommunale forvaltninga, rett til innsyn i alle kommunale saksdokument med dei presiseringar som følgjer av reglane nedanfor.

## **1.2**

Formannskapet, faste utval og andre folkevalde organ har rett til innsyn i saksdokument som omfattar dei delene av heradet si verksemd som ligg innanfor organet sitt verkeområde.

Dessutan kan desse organa kreve innsyn i dokument innanfor andre verkeområde når dokumenta er nødvendige for vedkomande organ si handaming av ei konkret sak.

# **2. Vedtak om innsyn**

## **2.1**

Kvart medlem og varamedlem av folkevalde organ har rett til innsyn i dokument i saker som vert handsama i vedkomande organ.

## **2.2**

Minst tre medlemmer i heradsstyret kan krevje innsyn i alle kommunale saksdokument når tidspunktet for innsyn er gjort gjeldande, jf. Pkt. 3.

Ordføraren har ein sjølvstendig rett til innsyn i alle saksdokument på tilsvarende grunnlag.

## **2.3**

Formannskapet, faste utval og andre folkevalde organ kan vedta innsyn for eige bruk i andre organ sine saksdokument når minst 1/3 av medlemene stemmer for det.

# **3. Tidspunktet for rett til innsyn**

## **3.1**

Retten til innsyn gjeld frå saka er lagt fram til politisk handsaming.

Med saksframstillinga skal det fylgja eit oversyn over alle dokument som er innsende, innhenta eller utarbeidde i samband med saka, med unntak av interne arbeidsdokument for administrasjonen.

### 3.2

For saker som vert avgjort av administrasjonen, gjeld retten til innsyn frå det tidspunktet saka er ferdighandsama.

## 4. Særreglar for innsyn i opplysningar med teieplikt m.m

### 4.1

I utgangspunktet gjeld ikkje folkevalde sin rett til innsyn i opplysningar med teieplikt. Heradsstyret og andre folkevalde organ kan likevel ved fleirtalsvedtak krevja innsyn i teiepliktige opplysningar når det er klart behov for dette ved handsaming av ei konkret sak i vedkomande organ, jf. Forvaltningslova § 13 b nr. 2 og 4.

### 4.2

Folkevalde pliktar seg til å teia om dokument som dei får innsyn i når desse er underlagt teieplikt etter lov.

Når ei sak vert handsama for stengde dører etter kommunelova § 31, pliktar dei folkevalde å teia om opplysningar som etter lov er underlagt teieplikt.

(Medlemar av folkevalde organ skal underteikne teieplikterklæring når dei får innsyn i teiepliktige opplysningar.)

## 5. Framgangsmåte ved krav om innsyn – Tilhøvet til administrasjonen.

### 5.1

Spørsmål om innsyn i saksdokument skal handsamast straks. Slike spørsmål til administrasjonen skal gå til rådmannen eller vedkomande einingsleiar.

### 5.2

Spørsmål til administrasjonen om saker som er under handsaming, bør svarast positivt på ved at det vert gjeve ei kort forklaring om handsamingsmåte, tidsplan o.l.

*Sjå og merknader til dei einskilde punkta i normalreglementet utarbeidd av Kommunal- og regionaldepartementet.*